

# Kongstun

TEMA: Kremmerleier ⑩105, Folkekunsten ⑩127

KART: ④440

## SKYSSKIFTE OG GJESTGJEVARSTAD

**I mellomalderen var bøndene pålagde skyssplikt.**

**Bispane hadde krav på 18 bestar når dei reiste ikring på visitasferder, og kongen kunne krevja friskyss.**



Gjestgjevarstaden er sett i stand att til sitt gamle bruk. Foto kring 1910.

Mellom dei krav som den norske Madelen stilte ved dei dansk-norske kongevala, var å få med i handfestingane at dei skulle ha friskyss på same måte som den danske. Både adel og embetsmenn fekk etter dette eit lett-vint høve til å skriva ut friskyss, både for seg sjølve og for slekt og vener. I 1632 heiter det at «Graven under tiden er i besværing med førendskab af dennem som drager op og ned ad Voss». Skyssplikta vart nok ofte oppfatta som ei plikt, og då forordninga om skyssstellet kom i 1648, vart det tilsett skysskaffarar som skulle tilseia dei skysspliktige bøndene i området. Slik «Tilsigelsesskifte» vart det på Eide, og mange stader vart skyssstasjonen

også pålagd å halda gjestgjeveri. På 1600-talet heiter det om Eide: «Gravens Sogns Giestgiveri paa Eide Grund ved søen er Et ældgammelt Giestgiveri og Kræmmer Sæde». Den første gjestgjevaren vi kjenner, var MADS RASMUSSEN, som budde her i 1674. I 1716 overtok OLAV PYCK gjestgjevarstaden og handelen, og staden var i hans slekt fram til 1852, då KRISTI KONGSTUN selde det til ANDERS JAUNSEN frå Bergen. Det var JAN HANSEN PYCK som bygde gjestgjevarbygningen i første halvdel av 1800-talet. Våningshuset ved sida er bygt i 1852, medan Tingstova er flytta opp frå sjøen, der også sjølve handelsstaden med handelsbua låg tidlegare. □

## KJERLAND, RØYNSTROND OG ROSEMÅLARANE

På gardane Kjerland og Røyndstrand, aust for elva som renn ut i fjorden, finn vi fleire rosemålarar som høyrer til dei såkalla «sølekistemålarane» i Hardanger: KNUT og MIKKJEL RØYNSTRAND og JOHANNES JONSSON KJERLAND. Han var den eldste av dei, fødd i 1804, og han hadde evner utover det vanlege. Berre 16 år gammal vart han skulehaldar; han lærte å måla – kanskje av BJØRN BJAALID eller andre av telemarkingane – og 25 år gammal byrja han ved PRAHLS litografiske anstalt i Bergen. Samstundes gjekk han på Det Nyttige Selskabs teikneskule på kveldstid. Ved eksamen der fekk han første premie. Etter nokre år som lærar ved Christi Krybbe skole og som klokker i Sund, slo han seg ned i Kinsarvik som rosemålar, i lag med syskenbarnet TROND LARSSON HUS (④391). Vi ser at Johannes har fått akademisk lærdom når det gjeld proporsjonar og rundmodellering; truleg er han ein av dei best utdanna rosemålarane i Noreg; lærdom frå byen, men forankra i bygdekulturen.



«Gud signe Kongen og Fedrelandet». Dørfylling måla av Johannes Jonsson Kjerland kring 1830.

Granvin – Angr – var eiga skipreide i mellomalderen. Bilete frå 1990.

